

17 har hatt første skuledagen

15.08.2013



Spente førsteklasingar før første timen

Spente men fulle av forventning møtte 17 førsteklasingar på skulen i dag. Dei var trygt forankra i foreldra som var minst like spente og nokre felte ein tåre. Dei vart teke varmt og hjarteleg imot av skulepersonalet med rektor i spissen og det tok ikkje mange minuttane før dei hadde vist at dei kan syngja. Vi sier goddag og hei på deg ljoma i klasserommet. Dette er førsteklassekullet:



Joa Saghaug Kroka i stilig debutanttrekk

**Siena Bu, Elena Oline Eide, Amund Hella Berge-Soldal,**

**Linnea Helleland Hauge, Sondre Saghaug Kjerpeseth, Norah Huse Kristoffersen, Joa Saghaug Kroka, Simon Musland, Petter Myklebust, Dagny Kroka Raudstein, Anja Måkestad Smith, Mats Ubanos Snilstveit. Mina Wangensten Vetrhus, Jan Arild Bondhus Vivelid, Andre Øvstebø, Anders Flygansvær Feet og Victoria Svendsen-Andreassen.**

Kontaktlærer er Astrid Elisabeth Amundsen, timelærer Maria Larssen og lærling Maria Legland, Det møtte 109 elevar i dei 7 klassane i dag men det er ikkje det endelege talet. Det vert først klårt om nokre dagar. 6 av dei er framandspråklege som skal ha særskild norskopplæring.

Slik er fordelinga i dette skuleåret:

1. trinn 17
2. trinn 12
3. trinn 16
4. trinn 23
5. trinn 14
6. trinn 15
7. trinn 12

Både lærarar og elevar ventar no spent på effekten av det nye ventilasjonsanlegget som har kosta ein million.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



4. klasse har 23 elevar og er den største